

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på **T**-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar ein kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.  
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til **T**-dagane uansett livssyn.



Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no) "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gave til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



STØRST AV ALT  
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKJA  
VOSS

## Velkommen til babysong

i **VANGSKYRKJA**  
Haust 2025



# Me vil invitera dykk til **Ti**-dagar; BABYSONG I VANGSKYRKJA

## Kva er babysong?

Babysong er leik med song, rim og regler, dans og lyd. Kjennskap til ulike lydbilete er også utgangspunkt for all språkutvikling.

Me skal syngja ulike musikksjangrar, dansa saman og bruka ulike rytme-instrument.

## Kvifor babysong?

Som mor/far er det berre du som kjenner kommunikasjonen mellom deg og barnet ditt. Babysong handlar ikkje om å prestera, men om å gjera denne kommunikasjonen endå betre ved bruk av song og musikk. Ingen forkunnskap trengs for å delta, og det er ingen krav til sangstemme. For barnet er stemma di det kjæraste og næreste!

## Kursleiar:

Åshild Bøe Kharazmi, er leiar for barnekoret i kyrkja og har hatt babysongkurs ei rekke gonger tidlegare.

Invitasjon vert sendt til born, fødd andre halvår 2024 og fyrste halvår 2025 og deira føresette.

## Praktisk.

Babysong startar opp i veke 35 og går over 6 tysdagar og 1 måndag. Her skal de ikkje ta med anna enn dykk sjølve, babyen, eit teppe som han/ ho kan ligge på, og ein gulpeklut...

**Gje beskjed:**

- om mjølk-/gluten-/eggallergi (føresett)
- om de kjenner nokon som vil vera me som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greit at biletet av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l. (etter avtale).



Det vert to heilt like kurs på to ulike tidspunkt:

*Kurs 1:* Kl 10:30 Babysong, etterpå føremiddagsmat for dei vaksne fram til 12:10.

*Kurs 2:* Kl 11:30 Føremiddagsmat for dei vaksne, etterpå Babysong fram til kl 13:10.

Gje beskjed ved påmelding kva kurs de ynskjer.

Dataar for babysongsamlingane: 26.08, 02.09, 09.09, 15.09 (NB; ein måndag), 23.09, 30.09, (07.10 er det haustferie), 14.10.

Påmelding innan søndag 24.08 til Åshild, 952 98 681